



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kantina  
**Dato:** 07.09.2022  
**Tid:** kl 13.30 - 16.47

---

### Fremmøtte

Tore Thon  
Sven Castberg  
Hilde Aambakk  
Jetmund Øye

### Reprenterer

FRP  
H  
SP  
SP

### Funksjon

medlem  
leiar  
medlem  
nestleiar

### Forfall

Sylvi Gulla Hovdenakk

### Reprenterer

Ap

### Varamedlem

Bjørn Støylen

### Reprenterer

### Møtenotater:

#### Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

#### Ørsta kommune:

Wenche Solheim, kommunedirektør. I sak PS21 OS05 og OS06, samt første del av PS28

Stein Aam, ordførar, kveik. I sak PS21 OS05 og OS06

Anne Sølvi Vatne, poltikar, kveik. I sak PS21 OS05 og OS06

Monica stokken, hovudtillitsvalgt. I sak PS21 OS05 og OS06

Idunn Hofseth, personalleiar. I sak PS21 OS05 og OS06

Kari Flø, tidlegare konstituert personalleiar. I sak PS21 OS05 og OS06

Elisabeth Sæbønes, leiar service og informasjon. I første del av sak PS28

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 19/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/4287
PS 20/22	Godkjenning av protokoll	22/4287
PS 21/22	Orienteringar	22/4287
PS 22/22	Tertialrapport og finansrapport pr. april 2022	22/4268
PS 23/22	Oppfølging av forvaltingrevisjonsprosjekt Tilleggsøyving - Investering	22/4230
PS 24/22	Forenkla etterlevingskontroll 2021 - Revisjonsmelding og rapport	22/4261
PS 25/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/4287
PS 26/22	Referatsaker	22/4287
PS 27/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet	22/2812
PS 28/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/4287

Ørsta, 09.09.2022

Sven Castberg  
Leiar i kontrollutvalet

## PS 19/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## PS 20/22 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## PS 21/22 Orienteringar

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.
2. Kontrollutvalet ser ingen grunn til å følgje opp spørsmålet om fast tilsetjing og prosess rundt dette etter utgreiinga frå administrasjonen.

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
04/22	Orientering frå kommunedirektøren - Prosedyrar for tilsetjingar
05/22	Orientering frå kommunedirektøren - Prosessen for omorganisering

### Behandling:

Leiaren reiste spørsmål om å stenge møtet ved kommunedirektøren si orientering med bakgrunn i at ein må gå inn på opplysningar som er omfatta av lovbestemt teieplikt med omsyn til personvern. Debatten og avstemminga om lukking av møte vart gjort i ope møte.

Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet med heimel i kommunelova §11-5 3.lekk a) jf. Offl. §13 1.lekk jf. Forvaltningslova §13 1.lekk 1).

OS 04/22 Prosedyrar for tilsetjingar

Kommunedirektør Wenche Solheim, Personalsjef Idun Hofseth og tidlegare konstituert personalsjef Kari Flø orienterte og svarta på spørsmål. Her var ein inne på tilsetjingar generelt, spesielt og i samband med omorganiseringa.

OS 05/22 Prosessen for omorganisering

Kommunedirektør Wenche Solheim, personalsjef Idun Hofseth og tidlegare konstituert personalsjef Kari Flø, hovudtillitsvalgt Monica Stokken og desse frå Kveik: ordførar Stein Aam og Anne Sølvi Vatne orienterte og svarta på spørsmål.

Under drøftingane sette Tore Thon fram følgjande forslag til tilleggsvedtak:

Kontrollutvalet vil ha tilbakemelding frå kommunedirektøren kor mange faste stillingar som var utlyst i skuleverket 2019, kor mange søkjarar kom inn og kor mange som fekk tildelt jobb, samt kor mange som fekk avslag.

Sven Castberg la fram slikt forslag til tilleggsvedtak:

Kontrollutvalet ser ingen grunn til å følgje opp spørsmålet om fast tilsetjing og prosess rundt dette etter utgreiinga frå administrasjonen.

Under avstemming vart forslaget frå Tore Thon og forslaget frå Sven Castberg sett opp mot kvarandre. Forslaget frå Tore Thon fekk 1 røyst (Tore Thon) og forslaget frå Sven Castberg fekk 4 røyster (Sven Castberg, Hilde Aambakk, Jetmund Øye og Bjørn Støylen), dermed er forslaget frå Castberg vedteke som tillegg til dagleg leiar si tilråding.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

## **PS 22/22 Tertialrapport og finansrapport pr. april 2022**

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

## **PS 23/22 Oppfølging av forvaltningrevisjonsprosjekt Tilleggsføring - Investering**

**Vedtak:**

1 Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding av 25.08.2022 til vitende.  
2 Kontrollutvalet ber om ei ny tilbakemelding innan 01.03.2023. Etter ny tilbakemelding vil kontrollutvalet ta stilling til om det er behov for å be revisjonen om ein ny gjennomgang.

**Dagleg leiar si tilråding:**

1 Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding av 25.08.2022 til vitende.  
2 Kontrollutvalet ber om ei ny tilbakemelding innan 01.03.2023. Etter ny tilbakemelding vil kontrollutvalet ta stilling til om det er behov for å be revisjonen om ein ny gjennomgang.

## **PS 24/22 Forenkla etterlevingskontroll 2021 - Revisjonsmelding og rapport**

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:

- i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i ferielova og rutinane knytt til søknad om overført ferie og uttak

- med unntak av konklusjonen om atterhalde i revisjonsuttalen har kommunen i det vesentlege etterlevd rutinane/retningslinene som er vedtekne
2. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere i framtida.

**Dagleg leiar si tilråding:**

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
  - i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i ferielova og rutinane knytt til søknad om overført ferie og uttak
  - med unntak av konklusjonen om atterhalde i revisjonsuttalen har kommunen i det vesentlege etterlevd rutinane/retningslinene som er vedtekne
1. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere framtida.

## **PS 25/22 Gjennomgang av møteprotokollar**

**Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## **PS 26/22 Referatsaker**

**Vedtak:**

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

**Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
08/22	FKT - Handtering av henvendingar til kontrollutvalet
09/22	Vedtak - Reglement for kontrollutvalet og rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte

**Behandling:**

Kontrollutvalet ynskjer eit reglement for handtering av henvendingar til kontrollutvalet.

## **PS 27/22 Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet**

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **PS 28/22 Saker til eventuell seinare behandling**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen i Ørsta kommune om å sikre at det finst rutinar og prosessar som sikrar at saker ikkje blir liggjande ubehandla i systemet.
2. Kontrollutvalet ber administrasjonen i Ørsta kommune om å sende reglementet/retningslinjer i høve utbyggingsavtalar samt orientere om praksisen på neste møte.

### **Behandling:**

1. Orientering om prosessen for henvendingar generelt i kommunen.
  - a. Elisabeth Sæbønes, leiar i service og informasjon, orienterte og svara på spørsmål.
2. Kontrollutvalet drøfta om dei ville ha ei utgreiing om korleis ein utbyggingsavtale verkar i Ørsta kommune.